

Samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjeleg fellesråd og Alver kommune  
Godkjent av Alver kyrkjeleg fellesråd ved AU (delegeret frå fellesrådet) i møte 6.10.23  
Godkjent av Alver kommune i kommunestyremøte....

**Formålet med avtalen:**

For å sikre at samarbeidet har gode rammer, og at oppgåver vert løyst på ei føreseieleg og effektiv måte, vert det etablert ei avtale som skal syne korleis samarbeidet skal vere og fordeling av sentrale oppgåver og ansvar.

Avtalen bygger på oppgåvefordelinga gitt i lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Den seier mellom anna at «*Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg.*»

**Samarbeid:**

Det etablerast regelmessige møtepunkt mellom leiinga (administrativ og folkevald) i fellesrådet og kommunen. I tillegg kan det etablerast møter ved behov. Kyrkjeverje er kontaktpunkt for fellesrådet og assisterande kommunedirektør er kontaktpunkt for kommunen. All administrativ dialog går i denne kanalen, dersom ikkje anna er avtalt særskild

**Økonomi:**

Fellesrådet har anledning til å presentere sitt framlegg til budsjett og økonomiplan i offentleg møte med formannskapet. Fellesrådet skal få opplysningar om tidsfristar og moglegheit til å uttale seg om administrasjonen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan, før dette vert fastsett av kommunestyret.

Kommunen sendar melding til fellesrådet, når det er gjort politiske vedtak i kommunestyret som gjeld dei.

Fellesrådet sender årsrekneskap med protokoll, etter handsaming i fellesrådet

Fellesrådet sender framlegg til budsjett og økonomiplan til kommunen, etter handsaming i fellesrådet

Fellesrådet sender vedtatt årsbudsjett til kommunen, etter handsaming/vedtak i fellesrådet.

**Vintervedlikehald:**

Som eit alternativ til å løyse oppgåva sjølv, kan oppgåva løysast i samarbeid med Alver kommune. Dersom det er ynskjeleg med eit slikt samarbeid (snøbrøyting/strøing) må dette meldast til kommunen, som da vil inkludere innmeldte vegar og parkeringsplassar i anbods-utlysinga. Kostnader til dette skal inkluderast i kommunen sine løyingar til fellesrådet – slik at betaling for dette vert å dekke av fellesrådet.

**Utviding/anlegg av nye gravplassar:**

Kommunen skal, i samråd med fellesrådet, sikre at det er tilstrekkeleg areal til gravplass i kommunen, i tråd med gravferdslova, og regulere dette i tråd med plan- og bygningslova. Detaljplanlegging vert utført av fellesrådet. Det er ei føresetnad at kommunestyret har løyvd midlar til tiltaket.

**Anna samarbeid (for eksempel kontaktpunkt):**

Samarbeid med kommunen sine skuler og barnehage avtalast med leiar i den enkelte skule/barnehage, sjukeheimar, omsorgscentra, ungdomsklubbar, NAV m. fl: Avtalast direkte med lokal leiar.